



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyring - NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø

Utdanningsforbundet syner til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet av 19.03.2015 der *NOU 2015: 2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*, vert sendt på høyring

Generelle merknader

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at utvalet har gjort eit svært grundig og viktig arbeid og levert ei omfattande og ordrik innstilling med mange konkrete tiltak på fleire område. Innstillinga inneheld mellom anna eit breitt kunnskapsgrunnlag som vil vere nyttig i mange samanhengar.

Utdanningsforbundet sluttar seg til intensjonen og ambisjonane som kjem til uttrykk i innstillinga. Vi stiller oss også i hovudsak bak dei fire perspektiva, dei fem utfordringane og dei fem målsetjingane for staten sitt arbeid som vert skissert i det første kapitlet – og i hovudsak dei sju overordna tiltaka. Vi støttar utvalet i at barnekonvensjonen i større grad bør innarbeidast i utdanningssektoren, at barn sitt beste skal vere heilt sentralt og at behovet for inkludering og sosialt tilhøyr vert forsterka.

Vi er samd med utvalet i at det er behov for ein forsterka innsats for å sikre elevane sin rettstryggleik og for å heve regelverksforståinga og regelverksetterlevinga i sektoren. Vi meiner også at det er mykje å hente i styrka samarbeid med og involvering av elevar og føresette, til dømes i skulen sine rådsorgan for å styrke det langsiktige og systematiske arbeidet for betre skulemiljø. Føresette er ein viktig ressurs for skulen, ikkje minst knytt til det fysiske og det psykososiale skulemiljøet. Vi støttar også utvalet sitt ønskje om å styrke skuleeigarskapet, å betre samhandlinga og å gjere oppgåve- og ansvarsfordelinga i støttesystemet tydelegare.

Alle elevar skal kunne oppleve at skulen er ein trygg stad der dei opplever meistring og samstundes får utfordra evner og føresetnader. Alle elevar skal kunne oppleve sosialt tilhøyr og bli respekterte som einskildmenneske med ulike bakgrunn. Eit trygt skulemiljø er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for læring, danning og utvikling.

Barnehagen

Utdanningsforbundet seier seg lei for at barnehagen ikkje er ein del av utvalet sitt mandat. Ikkje minst i lys av satsinga på tidleg innsats og barnehagen sitt gode arbeid med å utvikle trygge læringsmiljø, meiner vi denne avgjerda representerer ei alvorleg utelating. Vi meiner det er avgjerande at arbeidet med gode læringsmiljø startar i barnehagen og at arbeidet i barnehage og skule vert sett i samanheng.

Satsinga Inkluderande skule

Utvalet gjer framlegg om ei storskala satsing frå 2016-2023 gjennom *Inkluderende skole*. Utdanningsforbundet deler utvalet sine visjonar og målsetjingar og meiner mange av tiltaka er gode, men vi stiller likevel spørsmål ved om denne satsinga er tilstrekkeleg målretta og om dei store ressursane vert brukt på best muleg måte. Denne satsinga kjem på toppen av ei rekkje andre statlege satsingar og prioriteringar. Det må difor ryddast plass og andre oppgåver må falle bort. Satsinga synest å gje skulen eit altomfattande ansvar med bruk av resultatindikatorar, datainnsamling, dokumentasjon og rapportering.

Rettslegging

Utdanningsforbundet er skeptisk til den omfattande rettslegginga som utvalet legg opp til. Utvalet seier sjølv at ein må sjå pedagogiske og juridiske verkemiddel i samanheng og at betre pedagogisk praksis er målet. De er likevel vår vurdering at innstillinga generelt og mange av tiltaka spesielt, har fått ei sterk juridisk slagside. Vi er noko forundra over at eit samla utval, utan klare reservasjonar, meiner dette er den beste vegen til gode og trygge oppvekstmiljø.

Lovverket er viktig, men Utdanningsforbundet vil streke under at vi kan ikkje vedta oss til eit godt psykososialt skulemiljø. Vi meiner at omfanget av administrative sanksjonar og reaksjonar i innstillinga kan innebere ein skrivebordstryggleik der dei juridiske prosedyrane står i sentrum. Vi registrerer også at utvalet ein annan stad i innstillinga konstaterer at «straff er ineffektivt som virkemiddel» for å stoppe mobbing og for å endre åtferd på lengre sikt.

Barneombodet

Utvalet gjer framlegg om at barneombodet skal vere eit lågterskel førsteinstans klageorgan med mynde til å påleggje administrative sanksjonar og reaksjonar mot skuleeigarar som ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar og sørge for at eleven har eit trygt skulemiljø. Utvalet meiner at dagens klagehandsaming hos Fylkesmannen er varierende og at sakshandsaminga vil bli meir lik og pårekneleg om ein nasjonal instans med spesialisert kompetanse vert klageorgan. Utvalet seier vidare at ordninga med einskildvedtak kan ha medverka til å heve terskelen for å klage. I følgje utvalet skal barneombodet si sakshandsaming «i hovedsak være skriftlig», og vedtak frå barneombodet skal kunne klagast inn for skulemiljøklagenemnda.

Utvalet argumenterer for at Fylkesmannen si rolle som kvalitetsutviklar, rettleiar og klageorgan kan vere utfordrande for Fylkesmannen sin habilitet. Utdanningsforbundet meiner dette i så fall vil vere ei gjennomgripande og prinsipiell innvending mot Fylkesmannen si rolle på alle dei saksområda embeta har ansvaret for.

Utdanningsforbundet meiner at fylkesmannsembeta er best skikka til å handtere klager etter kapittel 9a. Fylkesmannen har brei forvaltningskompetanse i tillegg til juridisk og pedagogisk

spisskompetanse. Vi er samd i at lik og pårekneleg handsaming er avgjerande, men det kan løysast ved at eitt eller nokre få embete kan få ansvaret for slik klagehandsaming dersom dette er ei reell problemstilling. Vi meiner elles at dagens ordning med einskildvedtak ikkje i seg sjølv treng å vere hemmande for høvet til å klage.

Utvalet argumenterer for at barneombodet si rolle både som klageinstans og pådrivar for barn og unge sine interesser er «uproblematisk» og at ei slik ordning vil verke «gjensidig forsterkende.» Utdanningsforbundet meiner at utvalet sitt framlegg om å leggje klare forvaltningsoppgåver til barneombodet i alvorleg grad vil kunne svekke legitimiteten til barneombodet når det både skal vere ombod og forvaltningsorgan. Det vil vere svært utfordrande å vere ombod for alle born og vareta interessene til begge partar i ein situasjon der ein elev opplever seg krenka. I lys av innvendingane til Fylkesmannen si samansette rolle, finn vi det svært underleg at dette dilemmaet ikkje er drøfta dersom barneombodet skulle få ei slik dobbeltrolle. Vi meiner det også kan stillast spørsmål ved kor reelt argumentet om barneombodet som lågterskel klageorgan vil vere. Vi meiner nærleiken til Fylkesmannen i realiteten inneber ein lågare terskel for dei aller fleste elevar og føresette enn eit nasjonalt organ plassert i hovudstaden.

Byråkratisering

Vi meiner mange av dei tiltaka som utvalet gjer framlegg om isolert sett er kloke og tenlege, men omfanget av tiltak er overveldande, og stort og smått synest mange stader å vere like viktig. Sjølv om utvalet meiner mange av framlegga berre inneber presisering og tydeleggjering av gjeldande rett, er det Utdanningsforbundet si vurdering at tiltaka samla sett vil innebere ei byråkratisering av arbeidet i skulen med dokumentasjon og rapportering som vil føre til omfattande meirarbeid for lærarar, leiarar og eigarar. Fleire av tiltaka vil kunne innebere mindre målretta merksemd på det konkrete psykososiale skulemiljøet. Samstundes er det ei felles målsetjing både for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar å redusere byråkratiseringa i skuleverket.

Krenking og nulltoleranse

Utvalet nyttar gjennomgåande formuleringane nullvisjon og nulltoleranse. Utvalet gjer framlegg om at § 9A-1 i opplæringslova skal gje uttrykk for at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eit ord eller ei handling er krenkjande. Utvalet presiserer at det er nok at episoden fører til «en subjektiv oppleving av ubehag» for den det gjeld, for at skulen si aktivitetsplikt skal bli utløyst.

Utdanningsforbundet meiner det kan diskuterast om omgrep som nullvisjon og nulltoleranse er gode og tenlege omgrep og realistiske målsetjingar for samhandling mellom menneske når kriteriet for krenking er ei subjektiv oppleving av ubehag.

Utdanningsforbundet meiner utvalet legg lista svært lågt for å utløyse aktivitetsplikt for skulen når kriteriet er ei subjektiv oppleving av ubehag. Vi streker under at alle tilsette i skulen må vere på vakt mot krenkingar av elevar. Samstundes er det å kunne takle motgang, kritikk og usemje som kan føre til ei oppleving av ubehag, ein del av det å bli sosialisert inn i vaksenverda. Vi meiner at det ikkje er skulen si oppgåve å skjerme alle elevar mot ei kvar form for ubehag. Skulen skal sikre trivselen og tryggleiken til elevane, men også gjere dei robuste mot påkjenningar som dei vil møte både i notid og framtid.

Aktivitetsplikt

Utvalet rår til at dagens handlingsplikt og vedtaksplikt vert erstatta av ei aktivitetsplikt som skal regulere korleis krenkingar skal handterast for at eleven sin rett skal bli oppfylt. Utdanningsforbundet støttar ei slik omlegging der fasane i ei konkret sak vil vere mistanke – avdekking – intervensjon – oppfølging. Vi fryktar likevel at innhaldet i denne aktivitetsplikta kombinert med kva som kan utgjere ei krenking, vil kunne føre til omfattande tidsbruk på mindre saker, og såleis flytte merksemda frå meir påtrengande oppgåver i skulen. Aktivitetsplikta inneber mellom anna at rektor skal bli varsla, og at rektor skal varsle skuleeigar omgåande eller i annan samanheng.

Både innhaldet i skulen si aktivitetsplikt og følgjekonsekvensane som dokumentasjon og rapportering vil kunne ha store administrative, og i forlenginga økonomiske konsekvensar. Når utvalet meiner tiltaka ikkje vil ha vesentlege konsekvensar på skulenivå, meiner vi at dette er nok eit døme på sprik mellom ambisjon og realitet i sektoren.

Utvalet streker under at det er behov for omfattande endringar i kapittel 9a i opplæringslova. Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at opplæringslova er ei lov utan juridiske verkemiddel til å påleggje gjennomføring av vedtak. Vi meiner difor at det er behov for eit tydelegare regelverk med effektive klage- og tilsynsordningar på nokre område. Vi meiner likevel at den største innsatsen må vere å fremje eit godt skule- og oppvekstmiljø for å førebyggje krenkingar av elevar.

Utdanningsforbundet stiller spørsmål ved om utvalet sitt framlegg til utforming av lova er godt eigna til å nå utvalet si målsetjing. Vi meiner lovteksten er blitt for ordrik og er detaljert i større grad enn resten av lova, og ikkje inneber den forenklinga som har vore utvalet sin ambisjon. Noko av lovteksten kunne med fordel ha vore flytta til forskrift til opplæringslova.

Skulen si handlingsplikt og vedtaksplikt gjeld i dag også utanom skuletida, til dømes på veg til og frå skulen. Utvalet gjer framlegg om at skulen si aktivitetsplikt også skal gjelde på fritida når krenkingar «har sammenheng med skolens virksomhet.» Utdanningsforbundet er samd i at nokre aktivitetar på fritida, til dømes gjennom bruk av digitale medium, kan utløyse skulen si aktivitetsplikt. Slik utvalet argumenterer for framlegget, meiner vi likevel at ei kvar opplevd krenking kan tolkast innanfor ramma om å ha samanheng med verksemda i skulen. Sjølv om utvalet seier dette ikkje reduserer foreldra sitt hovudansvar, meiner vi det likevel er det som er konsekvensen av framlegget slik det er utforma og grunngjeve.

Utdanningsforbundet støttar ei skjerpa aktivitetsplikt der det er mistanke om at tilsette krenker elevar. Den profesjonsetiske lojaliteten til lærarar og leiarar skal utan unnatak liggje hos elevane. Det er eit svik mot elevar og samfunnsoppdrag dersom lærarar eller leiarar mobbar eller trakasserer elevar. Utdanningsforbundet meiner at tilsette gjer seg uskikka til å jobbe i skulen dersom det er prov for slik mobbing og trakassering.

Krenking som samfunnsproblem – skuleproblem

Utvalet seier seg samd med barnekonvensjonen i at mobbing er meir eit samfunnsproblem enn eit skuleproblem. Utdanningsforbundet sluttar seg til dette. Skulen speglar på mange måtar samfunnsutviklinga elles, men vi saknar fleire implikasjonar av denne erkjenninga i utvalet sine drøftingar. Her er det i hovudsak skulen si utilstrekkelegheit som dominerer. Vi meiner utvalet underkommuniserer alt det gode arbeidet som tilsette gjer i skulen kvar einaste dag for

å skape gode og trygge skulemiljø. Vi konstaterer at norske elevar trivst betre på skulen enn elevar i dei fleste andre land. Vi konstaterer også at omfanget av mobbing registrert gjennom Elevundersøkinga har synt ein markert nedgang dei siste åra. Dette indikerer at dei fleste skular og skuleeigarar jobbar godt og systematisk for å skape gode og trygge skulemiljø.

Skulekultur

Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at skulekultur, skuleleiing, klasseleiing, relasjonar mellom elevane og foreldresamarbeid er avgjerande faktorar for å styrke det psykososiale skulemiljøet. Som ei generell vurdering er vi likevel usamd med utvalet i at det er behov for systematiske tiltak mot skulekulturen og å setje søkjelyset på normer og haldningar blant dei tilsette i skulen. Vi meiner utvalet i for stor grad generaliserer utfordringar og problemområde i skulen og innrettar tiltak på bakgrunn av kva som skjer på «noen skoler» og kva «utvalget har blitt fortalt.»

Det går føre seg eit intenst arbeid på alle nivå i Utdanningsforbundet med å fremje lærarar og leiarar si profesjonsetiske forplikting og tydeleggjere dei tilsette si plikt til å varsle ved kritikkverdige eller uforsvarlege hendingar eller situasjonar. Vi meiner difor at profesjonen står godt rusta til å handtere ymse typar av krenkingar.

Ymse diskrimineringsgrunnlag

Utdanningsforbundet støttar utvalet si vurdering av normkritikk og behovet for sterk merksemd på normer, verdiar og haldningar for å utfordre fordommar og framandfrykt i respekt for mangfald og ulikskap.

Utdanningsforbundet set pris på at utvalet løftar fram utsette grupper og ulike diskrimineringsgrunnlag, mellom anna mobbing og trakassering relatert til seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Fleire organisasjonar har spisskompetanse og erfaringsgrunnlag som skulen ofte manglar. Til dømes kan Rosa kompetanse og skuletiltaket Restart vere gode samarbeidspartar for skular og skuleeigarar.

Leiing

Utvalet peikar på at ei aktiv leiing er avgjerande for at arbeidet mot krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering skal lukkast. Utdanningsforbundet er samd i denne vurderinga, men meiner samstundes at fleire av tiltaka i innstillinga innskrenkar handlingsrommet for å kunne utøve slik leiing og kunne prioritere desse oppgåvene.

Kompetanseutvikling

Utvalet gjer framlegg om å prioritere skulebasert kompetanseutvikling i framtidig etter- og vidareutdanning. Framlegget inneber å vri bruken av statlege kompetansemiddel frå vidareutdanning til skulebasert etterutdanning, men utan å auke dei samla ressursane. Utdanningsforbundet meiner det bør kunne forventast at utvalet peikar på kva for kompetanseutvikling som ikkje skal gjennomførast dersom eit område skal prioriterst innanfor gjeldande ressursramme.

Politiske styresmakter satsar breitt på vidareutdanning av lærarar og skuleleiarar. Endring i krav til relevant kompetanse for undervisning i fag inneber også behov for ei styrking, ikkje ei svekking av ressursane til vidareutdanning. Vi finn såleis framlegget noko urealistisk.

Utdanningsforbundet meiner vidareutdanning er eit sterkare verkemiddel for kompetanseutvikling enn etterutdanning. Vi meiner skulebasert kompetanseutvikling bør utviklast som ein vidareutdanningsstrategi knytt til den allereie godt etablerte etter- og vidareutdanningsstrategien *Kompetanse for kvalitet*. Vi meiner samstundes at det er muleg å kombinere vidareutdanningstilbod med sterkt fokus på inkluderande skule for heile kollegiet.

Styrking av skuleeigarskapet

Utvalet argumenterer for at det er behov for å styrke skuleeigarskapet både når det gjeld ansvarleggjering av politisk nivå, kompetanse og ved at det administrative nivået har tilstrekkeleg kapasitet til å bistå politisk nivå og skulane. Utvalet konstaterer samstundes at det er store skilnader mellom kommunane om dei har skulefagleg kompetanse på kommunenivå, og at det er nødvendig med ein viss storleik på denne ressursen. Utvalet er på denne bakgrunn «bekymret» for dei store skilnadene mellom skuleeigarar i kapasitet til å gjennomføre kvalitetsutvikling i skulane. Ein kunne difor tenkje seg at i det minste eitt av dei om lag 100 tiltaka møtte utfordringa om å styrke kravet til skulefagleg kompetanse i § 13-10 i opplæringslova. Det gjer dei ikkje.

Statped

Utvalet fremjar sterk kritikk mot oppgåveløysinga i Statped. Det vert hevda at verksemda verkar å vere «veldig overdimensjonert» og «i begrenset grad klarer å være tett på brukerne.» Det er Utdanningsforbundet si prinsipielle vurdering at dersom ein skal reise kritikk mot ein institusjon i ei offentleg utgreiing, må kritikken underbyggjast med saklege argument. Jo sterkare kritikk, jo betre argument. Vi finn ikkje slike argument i omtalen av Statped. I tillegg er påstanden faktisk feil. Brukarundersøkinga hausten 2014 syner at brukarane har «svært høy tilfredshet» og at samarbeidspartane har «høy tilfredshet» til Statped.

Spesialpedagogikk, ikkje allmennpedagogikk er Statped sitt ansvarsområde. Mobbing og psykisk helse er ikkje ein del av Statped sitt mandat. Det er elles naturleg at det er variasjonar mellom kommunar når det gjeld bruk av Statped sine tenester. Statped er ein etat med spisskompetanse på smale fagområde. Store pp-kontor vil kunne ha delar av slik kompetanse i eigen organisasjon, små kontor i mindre grad.

Talet på søknader til Statped er heller ikkje eit uttrykk for årlege brukarar. Det er stor variasjon på kor lenge ei individsak er i systemet. Ei nedbygging av Statped vil neppe føre til ei fagleg styrking av pp-tenesta. Tidlegare omfattande omorganisering tyder heller på at spisskompetanse forsvinn. Vi finn det elles svært underleg at utvalet rår til ei omorganisering og ei nedbygging av Statped før den noverande omfattande omorganiseringa er avslutta

Manglande tiltak

Utdanningsforbundet konstaterer også at to tiltak som avgjort ville ha gjort ein skilnad; større lærartettleik og meir tid til pedagogisk leing ikkje er tiltak som utvalet løftar fram i innstillinga. Vi er samd i at godt førebyggjande arbeid mot mobbing ikkje primært handlar om

ressursar og økonomi. Vi erkjenner at mobbing også skjer på skular med god lærartettleik og ei sterk og synleg fagleg og pedagogisk leiing, men meiner likevel at godt førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit trygt psykososialt skulemiljø, har klart betre føresetnader for å bli vellukka der lærarar og leiarar har meir tid til å følgje opp den einskilde elev. Vi meiner utvalet er unnvikande og går utanom ei reell utfordring i skulen med formuleringa om at «Utvalget er opptatt av å se på *kvaliteten* av den tiden ansatte har med elevene» når det vert etterlyst større lærartettleik og vaksentettleik i skulen.

Vi registrerer at utvalet nøyer seg med svært vage og uforpliktande formuleringar knytt til gode tiltak som styrka skulehelseteneste, sosialpedagogisk rådgjeving og krav til bemanning i pp-tenesta. Kompetansekrav til tilsette i pp-tenesta vert ikkje kommentert.

Utdanningsforbundet har merka seg at utvalet er samrøystes på alle punkt sjølv om innstillinga inneheld om lag 100 konkrete tiltak, fleire av dei kontroversielle. Vi meiner dette kan indikere at utvalet ikkje har gjort alle dei grundige vurderingane og avvegingane som ein kan forvente. Vi meiner innstillinga på fleire punkt syner manglande kunnskap om skulen sitt indre liv. Sjølv om utvalsleiaren i si innleiing streker under at utvalet baserer seg på det vi veit, ikkje det vi trur, er nokre av utvalet sine konklusjonar lite erfaringsbaserte og i overkant lettvinne. Fråveret av grundige drøftingar er også påtrengande nokre stader i innstillinga.

Konsekvensar

Å prioritere nye oppgåver eller eksisterande oppgåver høgare, har som konsekvens at nokre oppgåver ikkje vert utførte. Når framlegga frå utvalet er meint å kome i tillegg til, ikkje i staden for, noverande oppgåver og aktivitetar, konstaterer Utdanningsforbundet med undring at utvalet meiner tiltaka vil ha små administrative konsekvensar på skulenivå.

Utdanningsforbundet støttar

Kapittel 12:

- *at barnekonvensjonen må implementerast betre innanfor utdanningssektoren*
- *at det vert utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for trygge oppvekstmiljø*
- *at den nasjonale målsetjinga skal vere at «Elever skal ha et trygt og inkluderende skolemiljø» og at dette vert forankra i skulen*

Kapittel 13:

- *at prinsippa i barnekonvensjonen, inkludering og sosialt tilhøyr vert tydeleg innarbeid i generell del av læreplanverket*
- *at menneskerettsopplæringa i fag bør styrkast*
- *at innsatsen overfor samiske elevar vert utvikla og styrka*
- *at eit normkritisk perspektiv vert innarbeid i lærarutdanningane, rektorutdanninga og i etter- og vidareutdanningane*
- *at sosial og emosjonell kompetanse vert gjort tydeleg i læreplanverket*
- *at skulen og skuleeigar sitt ansvar for at brukarorgana har tilstrekkeleg kompetanse vert lovfesta*

Kapittel 14:

- *at det vert utarbeidd ein rettleiar om handtering av krenkingar, mobbing, trakassering*

og diskriminering

Kapittel 15:

- at sentrale prinsipp i barnekonvensjonen vet lovfasta i kapittel 1 og kapittel 9A i opplæringslova
- at skuleeigar si plikt til å setje inn tiltak for å fremje eit trygt psykososialt skulemiljø for alle elevar vert tydelegare i kapittel 9a
- at det vert gjort endringar knytt til skulemiljøutvalet
- at det vert innført ei aktivitetsplikt til erstatning for noverande handlingsplikt og vedtaksplikt, og at det vert innført ei skjerpa aktivitetsplikt ved mistanke om at tilsette krenker elevar
- at departementet greier ut behovet for rettsleg grunnlag for bruk av tvang i grunnopplæringa

Kapittel 16:

- at gjenstanden for klage vert om skulen har sett tilstrekkelege og eigna tiltak for å sikre at eleven har eit trygt psykososialt skulemiljø
- at tilsyn vidareførast av Fylkesmannen. Fleire tilsyn bør vere hendingsbaserte. Fylkesmannen må sikrast tilstrekkelege ressursar til dette
- at det vert etablert eit utdanningsrettsleg fagmiljø ved eit av landets juridiske fakultet
- at utdanningsinstitusjonar som har tilbod om lærarutdanning eller etter- og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, bør undervise i utdanningsrett

Kapittel 17:

- at skuleeigar sitt ansvar for å byggje kapasitet for skulane sine må bli tydelegare, både når det gjeld regelverksetterleving og førebyggjande arbeid
- at den årlege rapporten om tilstanden i grunnopplæringa også skal omhandle elevane sitt psykososiale miljø
- at mandatet til pp-tenesta vert endra slik at arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling vert knytt til opplæringa og det psykososiale skulemiljøet til **alle** elevar
- at innhaldet i § 5-6 i opplæringslova vert flytta til § 13-10 som regulerer skuleeigar sitt ansvar
- at pp-tenesta vert styrka, men ikkje gjennom nedbygging av Statped
- at kapittel 22 i forskrift til opplæringslova om den sosial-pedagogiske rådgjevinga vert revidert for å kunne vere ei meir førebyggjande teneste
- at ressursen til sosialpedagogisk rådgjeving i skulane vert styrka

Kapittel 18:

- at det vert gjort ein gjennomgang av det statlege støttesystemet for å gjere tilbodet meir relevant, likeverdig og fagleg heilskapleg
- at alle kommunar bør utarbeide førebyggjande tiltak og handlingsplanar mot krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering
- at friviljuge organisasjonar retta mot barn og unge vert sikra driftsvilkår og at dei må dokumentere at dei arbeider aktivt mot mobbing og ekskludering for å få offentleg støtte og finansiering

Kapittel 19:

- *at kunnskap om regelverket knytt til elevane sitt psykososiale skulemiljø vert innarbeidd i læringsutbytteomtalen i alle lærarutdanningane*
- *at temaet psykisk helse og psykososiale risikofaktorar vert innarbeid som emne i alle lærarutdanningane*
- *at rektorutdanninga bør gje nødvendig kompetanse i arbeidsrett*
- *at talet på studieplassar for skuleleiarar vert auka frå 500 til 625*

Kapittel 20:

- *at Norges Forskningsråd vert tildelt 20 millionar kroner over fire år for å utlyse forskingsprosjekt som omhandlar krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering*
- *at statlege tiltak som vert sett i verk, vert evaluert i større grad enn i dag*
- *at det vert avsett øyremerkte midlar til forskning på mobbing i samiske skular*

Med vennleg helsing

Torbjørn Ryssevik
Seksjonsleiar

Einar Ove Standal
Seniorrådgjevar